

## Forslag til vedtak

### Sak 4 - Grønn omstilling utfordrer flåten

Styret inviterer representantskapet til å fatte slikt vedtak:

Representantskapet i Pelagisk Forening tek forskningssjef Bent Dreyer frå Nofima sitt innlegg til orientering.

Representantskapet meiner at fiskeflåten sitt beste bidrag for klimaet er å levere klimavenleg mat. Å auke sjømatkonsumet blir heilt essensielt for å løyse kloden sine klima-, matforsyning- og samfunnsutfordringar. Den norske fiskeflåten bidreg med sunn, berekraftig og klimavenleg mat. Det bør vere ei målsetjing, også for styresmaktene, at vi skal fortsette å hauste maksimalt av klimavenleg mat innanfor bestandane sine tålegrenser. Fiskeflåten sine moglegheiter til å redusere klimagassutsleppa er avgrensa. Men trass i at flåten har strukturert og gjort grønne investeringar, så er tendensen no at CO<sub>2</sub>-utsleppa frå fiskeflåten aukar.

Fiskeflåten sine utslepp vil i stor grad ha samanheng med drivstofforbruket knytt til fiske. Fiskarane vil til ei kvar tid gjere sitt ytterste for å drive mest mogleg drivstoffeffektivt og det vil seie mest mogeleg klimavenleg.

Å bygge nytt fiskefartøy er ein stor og langsiktig investering, og den største investeringa eit reiarlag kan gjera. Det er svært risikofylt å bygge båt med ny klimavennleg teknologi og alternativ energibearar. Reiarlag risikerer konkurs dersom teknologien ikkje verkar som forventa over tid. Risikoene ved bygging/ombygging til meir klimavennlege fartøy må difor gjerast så låg som mogeleg. Næringa må ha stor trygghet om at kostbare tiltak, for å redusera utslepp, faktisk òg gir god driftsøkonomi.

Representantskapet meiner at det trengs ein heilskapleg gjennomgang av alle relevante lover og forskrifter. Dette for å få auka kunnskap om korleis regelverk virkar i forhold til klimavennleg fiskeri. Det bør òg vurderast harmonisering på tvers av ulike sektorar i forvaltninga.

Auka kunnskap hos forvaltning og fiskarar om korleis regelverk kan påverka fangstmønster, utslepp, og vurdering av eventuelle endringar i fiskeriregelverket, kan bidra til klimavinstar. Kunnskapsbasert endring av fiskemønster medfører ikkje risikable kostbare nybygg eller ombyggingar, og kan vera ein rimeleg måte å redusera utslepp av klimagassar.

Difor er det positivt at Fiskeridirektoratet har uttalt at klima skal få større vekt i fiskerireguleringane, og reguleringsmøtet våren 2025 er via klimaomsyn i fiskerireguleringane.